

Avtale om arealoverføring frå bruk 5 til bruk 1, Vatne

Eigar av G.nr 170, b.nr. 5, Per Normann Ragnarson Sæbø (etter dette kalla seljar) og eigar av G.nr.170, b.nr. 1, Elin Johannesen Monstad og John Monstad (etter dette kalla kjøpar), er einige om arealoverføring på 365 mål mellom dei to bruka, etter vedlagt kart, oppmålingsforretning og utskiftningspapir for garden Vatne.

Kjøpar overtek dei rettane og pliktene som høyrer til arealet.

Kjøpar og seljar er i tillegg einige om følgjande:

Kjøpar får gjerdeplikt i den nye grensa i nordvest mellom bruk 1 og 5.

Seljar gjev kjøpar vegrett over bruk 5, på eksisterande landbruksveg inn til den nye grensa mellom bruka.

Delar av arealet ligg i nedslagsfeltet til ei drikkevasskjelde for fleire hus på garden Vatne. Det må takast hensyn til dette, slik at vasskvaliteten ikkje vert forringa.

Salsummen er fastsett til kr. 470.000,- . Kjøpar skal betala alle kostnadar med overføring av arealet.

Seim, 22.02.19

Seljar: 

Kjøpar: *Elin Johannesen Monstad*

John Monstad